



SKINNVOTTEN

eit eventyr frå Ukraina

Det var ein gong ein gammal mann. Ein kald vinterdag gjekk
han tur med hunden sin gjennom skogen.



nynorsk

Plutseleg miste den gamle mannen den eine votten
sin i snøen. Han gjekk vidare utan å merke at han
hadde mista votten.



nynorsk

Utpå ettermiddagen kom det ei mus pilande. Musa
smatt inn i votten og peip:
- Dette skal vere huset mitt i natt.



nynorsk

Ei stund seinare kom ein liten frosk hoppande bort til votten. Frosken spurde:

- Kven er det som bur i denne votten her?
- Pilemus Silkehår. Og kven er du?
- Friskefrosk Langelår. Kan eg få bu saman med deg?
- Ja da, berre kom inn.



nynorsk

Då sola heldt på å gå ned, kom det ein hare hoppande.

Haren stansa framfor votten og spurde:

- Kven er det som bur i denne votten her?
- Pilemus Silkehår og Friskefrosk Langelår, og kven er du?
- Eg er Haremann Hopsadans, får eg lov til å bu saman med dykk?
- Ja da, kom inn.



Hjem kjære hjem

No var det tre dyr som budde i votten, og det blei veldig varmt. Utpå kvelden kom ein rev luskande. Reven stansa ved votten og spurde:

- Kven er det som bur i denne votten her?
- Pilemus Silkehår og Friskefrosk Langelår og Haremann Hopsadans. Kven er du?
- Eg er Revemor Silkesvans. Kan eg få bu saman med dykk?
- Ja da, berre kom inn.



nynorsk

No sat det fire dyr i votten og kika ut i skogen. Plutseleg kom ein ulv labbane gjennom snøen. Ulven stansa ved votten og spurde:

- Kven er det som bur her?
- Det er Pilemus Silkehår, Friskefrosk Langelår, Haremann Hopsadans og Revemor Silkesvans, men kven er du?
- Eg er Ulven Aldrimett. Lat meg få bu hjå dykk.
- Ja da, kom inn.

Ulven smaug seg inn, og no var dei fem dyr der inne.



nynorsk

Etter ei stund kom det eit villsvin tuslande forbi.

Villsvinet stansa og spurde:

- Kven er det som bur i denne votten her?
- Pilemus Silkehår, Friskefrosk Langelår, Haremann Hopsadans,
Revemor Silkesvans og Ulven Aldrimett, men kven er du?
- Eg er Villsvinet Trynebrett. Kan ikkje eg òg få bu i votten?
- Om du ikkje er for tjukk, så.
- Å nei da, eg skal gjere meg så liten eg kan.
- Ja, berre kom inn.



nynorsk

No sat dei seks dyr i votten. Det var veldig trøngt, dei kunne nesten ikkje røre på seg. Då knakk det i ein kvist, og så kom ein bjørn labbande.

- Kven er det som bur i denne votten her? brumma bjørnen.
- Silkehår, Friskefrosk Langelår, Haremann Hopsadans, Revemor Silkesvans, Ulven Aldrimett og Villsvinet Trynebrett, men kven er du?
- Eg er Bamsefar Labbdiger, kan eg få bu saman med dykk?
- Vi kan ikke la deg komme inn, vi har ingen plass.
- Å jo da, trykk dere sammen, så går det nok.
- Vi kan ikkje late deg kome inn, vi har ikkje plass.
- Å jau da, trykk dykk saman, så går det nok.



nynorsk

Og så kraup bjørnen inn i votten, som knaka i alle
saumane, for no var det sju dyr som budde der.



Hjem, kjære hjem

I mellomtida hadde den gamle mannen oppdaga at han hadde mista votten sin, og han og hunden gjekk attende for å leite etter han. Hunden sprang framfor og fekk sjå votten som rørde seg i snøen, nett som om han var levande.



nynorsk

Då byrja hunden å bjøffe: «Voff, voff, voff.»

Alle dyra sprang ut av votten og blei borte i skogen.



nynorsk

Den gamle mannen tok på seg votten sin, og han kunne ikkje
forstå at votten var så god og varm inni når han hadde lege i snøen
så lenge.



nynorsk

Snipp snapp snute, så var eventyret ute.

nynorsk



nynorsk

Eventyret «Skinnvotten» kommer fra Ukraina og er gjendiktet av Alf Prøysen.



Tekst og illustrasjoner: tilrettelagt og oversatt av
Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring